SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	**Arkivkode**: FE-223
Arkivsaksnr: 18/951	**Løpenr**: 21/4768
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	10.06.2021	049/2021

Bagatellmessig stønad - verksemder som har lidd økonomisk tap under Covid

10.06.2021 Kommunestyret:
Handsaming i møtet:
Knut Loneland Høibraaten (Bl) bad om å vera ugild i saka. Han gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen hans. Han vart samrøystes funnen ugild og deltok derfor ikkje i handsaminga av saka.

Monica Tjønna (Sp) viste til at det i rådmannen sitt framlegg er foreslått 20 kroner i stønad til Tor Egil Nilsen ferieleiegheit. Ho spurde om dette er ein skrivefeil og om forslaget skal vera stønad på 20 000 kroner. Rådmann Ingebjørg Vamråk stadfesta at foreslått stønadsbeløp skal vera 20 000 kroner.
Med denne justeringa vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

*(**Merknad frå møtesekretær**: Det vart etter møtet oppdaga at det også er ein skrivefeil i stønadssummen til Bjørkheim Kro og motell i rådmannen sitt framlegg til vedtak. I vedtaksframlegget står det kr. 100.00, men det går fram i tabellen i saksutgreiinga at rådmannen sitt framlegg er stønad på kr. 100.000. Summen er derfor retta til kr. 100.000 i vedtaksteksten.)*

KS- 049/2021 Vedtak:
Samnanger kommune tildeler bagatellmessig stønad til verksemder innan reiselivs, arrangement- og servicenæringar i Samnanger kommune, som har fått kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging. Følgjande søknader går under ordninga og får tildelt:

- Samnanger Catering kr. 51.000
- Sætervika ungdomssenter kr. 100.000
- So What frisør kr. 51.000
- Bjørkheim Kro og motell kr. 100.000
- Eikedalen kafe og restaurant kr. 51.000
- Milano pizzeria kr. 100.000
- Gaupholm Camping kr. 50.800
- Samnanger Bladlag kr. 100.000
- Tor Egil Nilsen ferieleilegheit kr. 20.000

Søknader frå Skuletur 2009-kullet, Mette Haugen utleige og Kyrkja fell utanfor ordninga og vert oppmoda om å søkje andre tilskotsordningar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune tildeler bagatellmessige stønad til verksemder innan reiselivs, arrangement- og servicenæringar i Samnanger kommune, som har fått kostnader eller tap som følgje av smitterverntiltak og nedstenging. Følgjande søknader går under ordninga og får tildelt:

- Samnanger Catering kr. 51.000
- Sætervika ungdomssenter kr. 100.000
- So What frisør kr. 51.000
- Bjørkheim Kro og motell kr. 100.00
- Eikedalen kafe og restaurant kr. 51.000
- Milano pizzeria kr. 100.000
- Gaupholm Camping kr. 50.800
- Samnanger Bladlag kr. 100.000
- Tor Egil Nilsen ferieleilegheit kr. 20.00

Søknader frå Skuletur 2009-kullet, Mette Haugen utleige og Kyrkja fell utanfor ordninga og vert oppmoda om å søkje andre tilskotsordningar.

Dokument som er vedlagt:
soknad-2021-0004 - Milano Pizzaria
soknad-2021-0008 - utleige ferieleilegheit
soknad-2021-0013 - Samningen
soknad-2021-0016 - Samnanger Catering
soknad-2021-0018 - skuletur
soknad-2021-0019 - Mette Haugen
soknad-2021-0020 - Eikedalen kafe og restaurant
soknad-2021-0021 - Bjørkheim kro
soknad-2021-0022 - Frisør So What
soknad-2021-0023 - Sætervika
Vedlegg til Søknad - Sætervika ungdomssenter
vedlegg So what frisør
Vedlegg - Gaupholm Camping

Dokument som ikkje er vedlagt:
Regionalforvaltning.no – diverse informasjon og utlysing.

Kva saka gjeld: Ekstra næringstilskot til lokale verksemder som har lidd økonomisk tap eller er særskilt ramma av Covid tiltak.

Samnanger kommune er tildelt frå staten, 653.800 kroner til vidare fordeling til lokale verksemder, for å avhjelpe situasjonen for dei som er særleg hardt ramma av lokale eller nasjonale smitteverntiltak.
Ordninga skal vera ein kompensasjon til lokale verksemder som har falt heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane. Dette kan vera kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging. Stønaden er til verksemder innanfor reiselivs-, arrangement- og servicenæringane, og andre verksemder som av ulike grunnar fell utanfor generelle kompensasjonsordningar.

Vurderingar og konsekvensar:

Den lokale situasjonen vil verte avgjerande for kven som får stønad. Tilskotet vert gjeve som bagatellmessig stønad, der det ikkje vert krav om å spesifisere kostnader tilskotet skal dekke. Søkjar må oppgje om verksemda har fått offentleg stønad i løpet av 2019,2020 og 2021.

Ordninga vart lyst ut i Samningen med søknadsfrist 27 mai. I tillegg har leiar i Samnanger næringsforum teke kontakt med verksemder som ordninga er retta mot, og oppmoda om å søkje.

Ordninga vert forvalta gjennom reigonalforvaltning.no

Nedanfor viser oversikt over kven som har søkt og med oppgjeve anslag for tap.

Namn på verksemd	**Type verksemd**	**Lidd tap pga. pandemien**	**Søkt/fått andre Covid kompensasjonsordningar**	**Tap av inntekt kr.**	**Forslag til tilskot**
Samnanger Catering	Enkeltmannsføretak Servering	Stopp av arrangement	Nei	50.000 ++	51.000
Sætervika ungdomssenter	Utleige rom arrangement	Nedgang i utleige	Generell komp. Fått 818.581 i stønad i 2020 forbindelse med Covid	252.170	100.000
Skuletur 2009-kullet	Organisasjon	Fell utanfor ordninga			00
So What	Enkeltmannsføretak Frisør	Nedstenging Ekstra smittevern	Nei	50.000 ++	51.000
Bjørkheimkor og motell	Aksjeselskap Servering og utleige	Nedgang i arrangement og utleige	Generell Komp kr. 132.916 Covidtilskot KNF kr. 100.00	250.000	100.000
Mette Haugen	Enkeltmannsføretak Utleige gardshus	Investeringstilskot til veg og hus	Bør søkje andre tilskots ordningar	50.000	0
Eikedalen kafé og restaurant	Kafédrift i skisenter	Stenging og ekstra smittevern	Generell komp Ikkje oppgitt beløp	100.000	51.000
Milano	Pizzeria	Stenging red.skjenking	Nei	700.000	100.000
Gaupholm Camping	Utleige	Nedgang turistar	Nei	112.000	50.800
Samnanger Bladlag	Lokalavis	Tap av annonse inntekt	Covidtilskot KNF 187.500.	216.000	100.000
Tor-Egil Nilsen	Utleige ferieleilegheit	Tap leigeinntekt	Nei	20.000	20.000
Kyrkja *	Drift av toalett	Fell utanom ordninga	Bør søkje SK om nytt driftstiltak - økonomiplan 2022-25	0	0
				sum	653.800

*) Ikkje søkt gjennom regionalforaltning.no

Midlane er fordelt eller søknad og skjønn. Det er ikkje krav om ytterlegare dokumentasjon.